



Arkiv: K1-143, K2-D11,
K2-D10
JournalpostID: 24/2022
Sakshandsamar: Rivedal, Andreas
Dato: 08.02.2024

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
008/24	Komit��n��ring, milj�� og teknikk	14.02.2024
005/24	Komit�� oppvekst og kultur	14.02.2024
014/24	Kommunestyret	14.02.2024

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - vedtak av plan

Kommunedirektoren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-15 vert kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv med handlingsdel og prioriteringsliste vedteken med følgjande endringer:

Nytt pkt. 4.2.7: Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet:
Kunstgrasdekke Askvoll idrettsbane

Kunstgrasbana vart etablert i 2009 og det har ikkje vore skifta dekke sidan den gong. Det er difor stor trong for utskifting av eksisterande dekke. Det må innarbeidast i økonomiplan at det bør setjast av finansiering for dette føremålet. Fr   2031 vil det i utgangspunktet ikkje vere mogeleg    kj  pe plastholdig gummigranulat, og ein b  r difor sj   p   alternativ til dette i forbindelse med utskifting av dekke.

Garderobeanlegg v/sv  mmehallen:

Det er trong for    utbetre garderobeanlegga knytt til sv  mmehallen, og det er gjort ei vurdering av tiltak som b  r gjennomf  rast. Etter gjennomgang vart det konkludert at omfanget ville bli ein god del st  rre enn tidlegare tildelt ramme. Dette er eit prosjekt som vil inneh  lde fleire element, men i samband med denne planen er det garderobe knytt til sv  mmeanlegg som er relevant.

Planperiode:

Planperioden blir utvida fr      vare i perioden 2024-2028 til fram mot 2034. Handlingsdelen for delm  l, strategiar og tiltak vil verte revidert ved behov. Handlingsprogram for anlegg som s  kjer om spelemidlar vil rullerast   rleg.

14.02.2024 Komit  n  ring, milj   og teknikk

Handsaming:

R  ysting - Samr  ystes

PNT008/24 Vedtak:**Tilråding:**

Komitén er samd i kommunedirektøren sitt framlegg.

14.02.2024 Komité oppvekst og kultur**Handsaming:**

Røysting - samrøystes

KOK005/24 Vedtak:**Tilråding til kommunestyret:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-15 vert kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv med handlingsdel og prioritieringsliste vedteken med følgjande endringar:

Nytt pkt. 4.2.7: Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet:

Kunstgrasdekke Askvoll idrettsbane

Kunstgrasbana vart etablert i 2009 og det har ikkje vore skifta dekke sidan den gong. Det er difor stor trøng for utskifting av eksisterande dekke. Det må innarbeidast i økonomiplan at det bør setjast av finansiering for dette føremålet. Frå 2031 vil det i utgangspunktet ikkje vere mogeleg å kjøpe plastholdig gummigranulat, og ein bør difor sjå på alternativ til dette i forbindelse med utskifting av dekke.

Garderobeanlegg v/svømmehallen:

Det er trøng for å utbetre garderobeanlegga knytt til svømmehallen, og det er gjort ei vurdering av tiltak som bør gjennomførast. Etter gjennomgang vart det konkludert at omfanget ville bli ein god del større enn tidlegare tildelt ramme. Dette er eit prosjekt som vil innehalde fleire element, men i samband med denne planen er det garderobe knytt til svømmeanlegg som er relevant.

Planperiode:

Planperioden blir utvida frå å vare i perioden 2024-2028 til fram mot 2034. Handlingsdelen for delmål, strategiar og tiltak vil verte revidert ved behov. Handlingsprogram for anlegg som søker om spelemidlar vil rulleraast årleg.

14.02.2024 Kommunestyret**Handsaming:**

Røysting - samrøystes

KOM014/24 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-15 vert kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv med handlingsdel og prioritieringsliste vedteken med følgjande endringar:

Nytt pkt. 4.2.7: Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet:

Kunstgrasdekke Askvoll idrettsbane

Kunstgrasbana vart etablert i 2009 og det har ikkje vore skifta dekke sidan den gong. Det er difor stor trøng for utskifting av eksisterande dekke. Det må innarbeidast i økonomiplan at det bør setjast av finansiering for dette føremålet. Frå 2031 vil det i utgangspunktet ikkje vere mogeleg å kjøpe plastholdig gummigranulat, og ein bør difor sjå på alternativ til dette i forbindelse med utskifting av dekke.

Garderobeanlegg v/svømmehallen:

Det er trøng for å utbetre garderobeanlegga knytt til svømmehallen, og det er gjort ei vurdering av tiltak som bør gjennomførast. Etter gjennomgang vart det konkludert at omfanget ville bli ein god del større enn tidlegare tildelt ramme. Dette er eit prosjekt som vil innehalde fleire element, men i samband med denne planen er det garderobe knytt til svømmeanlegg som er relevant.

Planperiode:

Planperioden blir utvida frå å vare i perioden 2024-2028 til fram mot 2034. Handlingsdelen for delmål, strategiar og tiltak vil verte revidert ved behov. Handlingsprogram for anlegg som søker om spelemidlar vil rullerast årleg.

Kva saka gjeld:

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv har vore til offentleg ettersyn og vert lagt fram for kommunestyret for vedtak.

Saksutgreiing:

Planprogrammet for kommunedelplanen vart fastsett av kommunestyret 14.06.23, sak KOM 032/23. Planprogrammet viser kva tema ein skal sjå nærmare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet. Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv skal utarbeidast ut frå det fastsette planprogrammet.

I løpet av planprosessen har det, i tillegg til ordinær varsling, hatt idémyldring med ungdomsrådet, presentert planen for leiargruppa i oppvekst og jobba med saka i arbeidsgruppa. I tillegg har planen vorte sendt ut til alle leiarar i kommunen.

Kommunestyret har det overordna ansvaret for planarbeidet, som vert sortert under komité for oppvekst og kultur. Komitéen har vorte orientert underveis i planarbeidet.

Framlegget til kommunedelplanen vurderer det langsigktige behovet for anlegg frå 2024 og framover. Planen inneholder eit handlingsprogram over prioriterte spelemiddelsøknader, samt handlingsdel for delmål, strategiar og tiltak for å oppnå overordna målsetjing.

Kultur har tidlegare ikkje vore ein del av kommunedelplanen. I denne planen vil kultur famne om områder som kunst, allmenn kultur, kulturformidling og kulturygg, ungdomsklubb, bygdemuseum og møteplassar. Områda kulturminne, bibliotek og frivilligheit er ikkje famna av denne planen, men er likevel omtala i plan der det er relevant.

Den overordna målsetjinga til kommunedelplanen er at i Askvoll skal kultur, idrett og friluftsliv fremje helse, trivsel og inkludering. Kommunedelplanen skal følgjast opp med konkrete tiltak som skal gjennomførast. Vedlagt følgjer ein handlingsdel for delmål, strategiar og tiltak. Denne er med som vedlegg og ikkje innlemma i sjølv planen sidan dette er noko som kan vere behov for å rullerast oftare enn sjølv tekstdelen. Måla og strategiane er prøvd å gjerast så konkret som mogeleg. Ein har prøvd å få til ein raud tråd mellom samfunnsdelen og denne kommunedelplanen der ein går meir konkret inn på detaljar på dei aktuelle områda enn kva ein gjerne gjer er i samfunnsdelen.

I tillegg har ein hovudmål knytt til kvart temaområde.

Kultur:

Askvoll skal styrke og fremje kulturelt mangfold og legge til rette for at alle skal få kulturopplevelingar

Idrett:

Askvoll skal gjennom idrett og fysisk aktivitet fremje helse, trivsel og fellesskap for innbyggjarane.

Friluftsliv:

Askvoll skal ha eit berekraftig friluftsliv som er tilgjengeleg og stimulerer til aktivitet og rekreasjon.

Rådgjevar v/sentraladministrasjonen, folkehelsekoordinator og sakshandsamar v/bygg- og eigedomsavdelinga er fagleg ansvarleg for planen, og har utarbeidd denne saman med ei arbeidsgruppe beståande av representant frå Fjordane Friluftsråd, Askvoll idrettsråd, flyktningkonsulent og kulturskulerektor.

Kommunestyret vedtok 29.11.23, sak 091/23, å legge framlegg til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv ut til offentleg ettersyn. Planframlegget har ligge ute på kommunen sine heimesider i tidsrommet 01.12.23 – 19.01.24. Utlegginga er kunngjort i Firda. Framlegget har vore sendt på høyring til fylkeskommunen, statlege styresmakter, velforeiningar og ulike lag og organisasjonar.

Det er kome inn to innspel til planen:

Brev datert 10.01.2024 frå Statsforvaltaren i Vestland:

Innleiane merknader:

For at den kommunale planen skal vere eit nyttig arbeidsverktøy i saker som vedkjem idrett og fysisk aktivitet, bør planen ikkje strengt avgrensast til fysiske anlegg og tiltak, men òg ta opp korleis ein skal stimulera til deltaking i idrett og friluftsliv, samarbeid med skule/barnehage og korleis kommunen saman med lag/organisasjonar kan samarbeide om drift og vedlikehald mm.

Barn og unge:

I følgje plan- og bygningslova skal kommunen ha ei ordning som sikrar barn og unge ei sentral rolle i planarbeid i kommunen. Lova seier at barn og unge, eller ein representant hjå kommunen, skal bli høyrde i saker som vedkjem dei. Artikkel 12 i barnekonvensjonen er førande for kommunal og statleg verksemd. Vi viser til rettleiarar om barn og unge i planlegging: «Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven» og «Barn og unge i plan og byggesak».

I tillegg til å senka økonomiske barrierar for deltaking, er det viktig at kommunen har tilbod om fysisk aktivitet som ikkje krev spesielle ferdigheter, men som likevel skjer i lag med andre. d

Planen bør fremja konkrete strategiar for å inkludera nye grupper i eksisterande aktivitet og for å oppretta nye aktivitetar for grupper som ikkje deltek i dag. Enkle tiltak som tilbod om trening/tilrettelagt aktivitet rett etter skuletid bør vurderast. Fråfallsproblematikk blant ungdom og aktivisering av grupper som er lite fysisk aktive er viktige utfordringar. Utifrå eit folkehelseperspektiv er dette sentrale mål i eit kvart lokalsamfunn, ikkje minst for å minske sosial ulikskap i helse. Kva tiltak vil kommunen setja i verk for å møta desse utfordringane?

Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og kvalitet «friluftsmeldinga»:

Vurderer stortingsmelding Meld St. 18 (2015-2016) som sentralt i arbeidet. Den går ut på at regjeringa vil bidra til at endå fleire driver med friluftsliv, og får oppleve friluftsliv som ei kjelde til betre helse og høgare livskvalitet. Meldinga omfattar tiltak for føringar innanfor både motivering og rekruttering til friluftsliv, og innanfor forvaltning av områder for friluftsliv. Barn og unge er prioriterte målgrupper. Meldinga inneheld også blant anna tiltak og føringar for å ivareta areal for friluftsliv i fjellområde med stort utbyggingspress. Statsforvaltaren rår kommunen til å synleggjera korleis vi skal følgje opp forventningane i friluftsmeldinga.

Viser også til handlingsplan for fysisk aktivitet 2020 – 2029 – Saman om aktive liv.

Friluftskartlegging i kommunane:

Viser til at det lenge har vore eit nasjonalt mål at alle skal ha moglegheit til å driva friluftsliv i nærmiljøet, og naturen elles. Å utvikla og ivareta areal for friluftsliv gjev folk moglegheit til å driva med varierte aktivitetar utandørs, noko som er positivt for helsa til folk. Viser til at å kartlegge og verdsetje friluftslivområde der det ikkje er gjort, vil vere eit viktig verkemiddel i kommunen.

Rår kommunen til å gjennomføre kartlegging av friluftsområde dersom dette ikkje er gjennomført.

Likestilling – universell utforming

Viser til Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengeleghetslova) § 1 har som føremål å fremja likestilling og likeverd, sikra mogleheter og rettar til samfunnssdeltaking for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindra diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

I tillegg til å ha fokus på universell utforming når det gjeld anlegg og område, vil Statsforvaltaren rá til at kommunen har nær dialog med brukarorganisasjonar om det faktiske tilbodet når det gjeld fysisk aktivitet for ulike grupper.

Rår kommunen til å legge til rette for eit naturbasert friluftsliv i nærmiljøa som er tilrettelagt for ulike brukargrupper.

Brev datert ... frå Vestland fylkeskommune. Gjengjeve i korte trekk under, ligg vedlagt i sin heilheit:

Kommentar:

Våren 2023 gav Vestland fylkeskommune fråsegn til både samfunnssdelen av kommuneplan og planprogrammet for denne planen. Her vart det påpeika at å ha eit rikt, mangfaldig og inkluderande kulturliv kan vera eit drivkraft i samfunnsutviklinga og vi saknar ei meir offensiv satsing på heile kulturfeltet, som har ei viktig rolle i lokalsamfunna.

Viktig at kopling til samfunnssdelen og utfordringane kommunen står ovanfor er viktig med tanke på at kommunen må prioritere innanfor trонe økonomiske rammer.

Nasjonale og regionale føringar og kunnskapsgrunnlag

Planen har god struktur og er oversiktleg. Viser til relevante og nasjonale føringar. Bra at planen framhevar kulturlova og at det er fokus på barn og unge.

Flott å sjå at kommunen har fokus på berekraftsmåla og berekraftig utvikling, og at dette er omhandla i planen.

Erfaringar frå førre planperiode

Gjennomgang av erfaringar omtaler idrett og friluftsliv, og kultur var altså ikkje ein del av den førre planen. Dei gjev ei god oversikt over erfaringar og status for dei anlegga som fekk spelemidlar i førre periode. Omtalen av dei ulike anlegga er informativ og utfyllande. Flott at det i omtalen også er stort fokus på kva for aktivitet som er generert gjennom dei ulike anlegga/tiltaka.

Medverknad

Det formelle kring medverknad er på plass, og kommunen har sendt ut brev til lag og organisasjoner om høyringar. Positivt at Askvoll ungdomsråd har gjeve innspel. Fylkesdirektøren saknar noko meir aktiv medverknad frå frivillige organisasjoner og grupper som eldre, ungdommar og innvandrarar.

Rår til å prøve ut nye måtar for å nå ut til dei som ikkje alltid er høyrd i slike prosessar.

Status og utfordringane

Viser til at Askvoll er prega av ein nedgang i folketal og ei aldrande befolkning, som har spreidd busetting med 24 % som bur i tettstad. Ferje- og kollektivtilbod er lite frekvent.

Kapittel 3 og 4 er grundig og informativ. Viser at kommunen har tatt tak i mange av utfordringane og har gode tankar om korleis dei kan rette tiltak mot andre. Gjev god bakgrunnsinformasjon, innsikt og status innan sentrale områder for planområdet. Gjev ein god og naturleg overgang til mål og strategiar.

Mål og strategiar

Askvoll har tydelege og breie overordna mål for kultur, idrett og fysisk aktivitet og friluftsliv. Mål og delmål er godt og tydeleg formulerte, men det kan vere noko vanskeleg å måle. Kan vere krevjande å sjå i kor stor grad ein har lukkast med å nå måla.

Kultur

Svært positivt at kommunen har tatt grep og synleggjort kultur i planen. Viser til at det er tatt grep og at det mange gode tenester som er på plass, slik som kulturskule, kulturmidlar, folkebibliotek, bygdekino, kulturelle skulesekken, spaserstokken, frivilligsentral m.m.

Positivt at kulturskulen tilbyr musikkterapitenester retta mot helseinstitusjonar og grunnskular. Meinar det er ei god løsing at kommunen samordnar kulturskule med nabokommune for å effektivisere ressursbruk.

Folkebibliotek

Askvoll kommune har eigen bibliotekplan som er vedteken i 2020. Askvoll bibliotek har mellombels lokale i Askvoll sentrum i gamle «bankbygget». Har jamlege arrangement. Tal besøkande har auka som følgje av sentrumsnær plassering og lokalet vert brukt som sosial møteplass.

Kulturar

Kulturminne og kulturvern vert omhandla i kulturminneplan for Askvoll, vedtatt i 2018. Ein viktig

bidragsyter til det immaterielle kulturminnearbeidet i Askvoll er sogenemnda, som gjev ut årlege sogehefte.

Frivilligkeit

Planen omtalar frivilligkeit og har ein aktiv frivilligsentral. Fylkesdirektøren oppmodar kommunen til å setje frivillig-politikk på dagsordenen og starte arbeid med eit kommunalt frivilligpolitikk.

Idrett og fysisk aktivitet

Viser til at kommunedelplanen skal innehalde nokre tema og element som dei ikkje finn i Askvoll sitt framlegg.

- Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet. Det er noko omtale av behov for aktivitet, men vi finn lite informasjon om behov for anlegg både når det gjeld behov for nye anlegg og renovering av eksisterande anlegg.
- Prioritert handlingsprogram for bygging og idretts- og friluftsanlegg vart ikkje vedlagt.
- Oversikt over venta kostnader knytt til drift og vedlikehald av planlagde anlegg
- Uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg.

Friluftsliv

Meiner kommunen har mange gode tiltak for fysisk aktivitet og eit stort fokus på friluftsliv, og satsing på å sikre areal for ålmentas friluftsliv i nærmiljøet. Svært positivt at kommunen ser samanheng mellom attraktive friluftsområde og bustadattraktivitet.

Viser til at Askvoll har eit område som er statleg sikra, og oppmodar kommunen om å sjå på moglegheiter for å sikre fleire områder for friluftsliv gjennom denne ordninga.

Meiner det er svært positivt at kommunen deltek i prosjekta friluftslivets ferdsselsårer, og ro- og padleruter som ein viktig å satse på som lågterskel friluftsliv i nærområde og nabolag.

Vurdering:

Statsforvaltaren skriv at kommunen skal ha ei ordning som sikrar barn og unge ei sentral rolle i planarbeidet. Arbeidsgruppa har vore i møte med ungdomsrådet, der ein har lagt fram føremålet med planen, og handlingsdel knytt til dette. Vi fekk i tillegg mange gode innspel som er teken med vidare i planarbeidet. I tillegg har planen vore sendt på høyring til barnevernsrepresentant, samt lagt fram for leiargruppa i oppvekststataen. Vi meiner difor at dette skal vere dekkande.

Elles meiner Statsforvaltaren at planen bør fremje konkrete strategiar for å inkludere nye grupper i eksisterande aktivitet og for å opprette nye aktivitetar for grupper som ikkje deltek i dag.

Statsforvaltaren stiller spørsmål om kommunen har kartlagt tilgjengeleg friluftsområde. Store delar av kartlegginga er gjennomført med unntak av nokre få område, men det er relativt stort arbeid med verdsetting som ikkje er gjennomført. Administrasjonen må vurdere om ein skal ta opp igjen arbeidet med å fullføre denne kartlegginga.

Statsforvaltaren rår til at kommunen har nær dialog med brukarorganisasjonar om det faktiske tilbodet når det gjeld fysisk aktivitet for ulike grupper. I handlingsdelen har vi bl.a. eit delmål for å fremje inkludering og mangfold i idrett og fysisk aktivitet, med påfølgjande strategiar og tiltak for å oppnå delmålet.

Vestland fylkeskommune sitt innspel til planarbeidet er i stor grad positivt. Dei peikar m.a. på at det er svært positivt at kultur er med som eige tema i planen.

Dei meiner at det i samband med planarbeidet kunne vore lagt opp til noko større medverknad frå frivillige organisasjonar og grupper som eldre, ungdommar og innvandrarar.

Administrasjonen er samd i det kunne vore større medverknad i planarbeidet, men grunna tidsmangel blei det ikkje funnet tid til dette. I arbeidsgruppa har det vore representant frå flyktingstenesta med tanke på flyktningar, og korleis ein kan integrere dei i samfunnet. I tillegg har

vi hatt representant frå Askvoll idrettsråd, Fjordane friluftsliv og kulturskulerektor for å få innspel frå deira fagfelt.

Fylkeskommunen vurderer at ein har tydelege og breie overordna mål for kultur, idrett og friluftsliv, men at dei kan vere krevjande å sjå i kor stor grad ein har lukkast med å nå måla.

Det er generelt vanskeleg og krevjande å måle kor vidt mål og strategiar vil treffe innbyggjarane. Vi likevel evaluere ved behov der vi ser om vi har klart å nå fram til innbyggjarane, eller om det er noko vi må endre på etter kvart. Difor er handlingsdelen vedlagt, og ikkje innarbeidd i sjølve plandokumentet.

Fylkeskommunen meiner det er viktig å synleggjere dei profesjonelle aktørane, og skape vilkår for at ein kan leve som kunstnarar og drive kulturverksemd i Askvoll. Arbeidsgruppa har formulert/skrive nokre delmål og strategiar som skal vere til nytte både for profesjonelle og hobbyentusiastar innan kultur.

Under idrett og fysisk aktivitet meiner dei det er nokre tema og element og uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg som ikkje er omtala i planen. Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og aktivitet, og uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg er teke med i framlegg til vedtak og vil verte innarbeidd i planen. Prioritert handlingsprogram vert sendt vedlagt.

I sak KOM 091/23 vart det i vedtaket presisert at planen skulle vare i perioden 2024-2028. Administrasjonen ønskjer å presisere at planen er utarbeidd med lenger varigheit enn dette, og i utgangspunktet vil vi ikkje setje ein utløpsdato på planen. Relevansen av kommunedelplanen vil i likskap med andre planar bli vurdert i arbeidet med planstrategi, og dette vil legge føring på når ein bør revidere kommunedelplanen. Vi har teke handlingsdel for delmål, strategiar og tiltak som eit vedlegg til planen, sidan det kan vere meir aktuelt å revidere denne oftare enn sjølve tekstdelen. Administrasjonen vil difor rå til at kommunedelplanen vil vare mot 2034, og at det i samband med planstrategi vil gjerast konkret vurdering for når det er naudsynt med revisjon.

Konklusjon:

Administrasjonen finn at planframlegget oppfyller krav til planarbeidet og at planen tek føre seg dei viktigaste utfordringane ein har innanfor dei forskjellige områda. Administrasjonen vurderer endringane som mindre, og planen treng difor ikkje leggast ut til offentleg ettersyn på nytt, men kan leggast fram for kommunestyret til vedtak.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Vedlegg i saka:

08.02.2024	Høyringsfråsegn - Kommunedelplan - kultur, idrett og friluftsliv - Askvoll kommune	308252
08.02.2024	Fråsegn - offentleg ettersyn - Kommunedelplan - kultur idrett og friluftsliv 2023 - 2035 - Askvoll	308253
23.11.2023	Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - offentleg ettersyn	301998
23.11.2023	Handlingsdel delmål, strategi og tiltak	301997
23.11.2023	Framlegg til handlingsprogram	301996